

Til Stord på pensjonistmøte!

21.09.2010



Reis til Stord på det store, opne pensjonistmøtet torsdag førmiddag!
Slik lyder oppmodinga til Harald Sunde (biletet), som er drivkrafta i Pensjonistforbundet her i Uskedalen. Det er ein serie regionale møter over heile landet og hensikten er framfor alt å markera forbundet si rolle i landssamanheng.

No har forbundet kome opp i 190 000 medlemmer og har direkte tingingar med Staten mellom anna om dei årlege lønnsoppjgjer.

No om dagen er det særleg aktuelt med det føreståande trygdeoppgjæret som vil leggja nye føringar for dei framtidige pensjonane. Trygdeoppgjæret blir eit sentralt tema på dei opne møta.

Andre aktuelle saker er eldreråda si rolle, kommunal eldreomsorg og kultur som førebygging. Rådgjevar Herluf Gjerde, rådgjevar i forbundet, vil halda hovudinnlegget på Stord.

Møtet er oppe for alle pensjonistar. Det er også eit kulturinnslag frå Etne og innlegg om kor viktig det er med fysisk fostring.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen